



Emil Gundersen
Litlevika 24
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/3319 - 18/34096

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
12.11.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 185/202 Isdal

Tiltak: altan
Byggjestad: Gbnr: 185/202 Litlevika 24
Tiltakshavar: Emil Gundersen
Ansvarleg søkjar: Kålås Bygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 23.10.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nabovarsling av gbnr 185/179 etter justert tiltak illustrert med levegg på terrasse mot nabo gbnr 185/179 på teikning E3. Dette for å stadfeste om nabomerknad fell bort med endringa slik den er illustrert.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 03.12.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinking i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kåås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG
Torill Nesse Kvamme	Litlevika 26	5914	ISDALSTØ
Torill Nesse Kvamme	Litlevika 26	5914	ISDALSTØ

Mottakarar:

Emil Gundersen	Litlevika 24	5914	ISDALSTØ
Kåås Bygg AS	Torvhusmyrane 2	5913	EIKANGERVÅG